

Løfte handverket – vårseminar 2025

Maihaugen, 6. mai 2025

Slik kan musea bidra til handverksstrategien

Ole Aastad Bråten, styreleiar Norges museumsforbund

Deres majestet!

Då eg og bror min Knut gjekk på barneskulen syntest bestemor at det var på tide å sette oss i arbeid. Fyrst sådde vi ein åker. I august slipte vi reiskapen. Og så skar vi ned det gule kornet. Vi forma fine knutar av halm, batt kornet, og la banda på låven. I desember fann vi fram att gullet – og selde det. Slik held vi på i ti år.

Bestemor stelte dyra heime på garden og på stølen sommarstid. Ho kinna og song. Ho styrde garden slik kvinner før ho hadde gjort. Og ho skar åkeren.

Dei gule banda var på eit vis resultatet av ein gamal handverkstradisjon. Men, det var ikkje framtida for den *immaterielle kulturarven* som dreiv bestemor. UNESCO hadde ho aldri hørt om og *kulturarv*, ja, det var noko museumsfolk dreiv med. For bestemor, derimot, var det fyrst og fremst glede i å få skapa noko med hendene.

For meg og bror min var det motivasjon i klingande mynt. Derfor held vi det gåande. Men med alderen tenkjer vi annleis om slikt. Også om samværet med eldre. I dag er eg takksam for tida eg fekk med bestemor. For innsikta i eldre levemåtar. Og for tida i kornåkeren.

Utfordringane

Musea og kulturminnemyndighetene deler dei same interessene og utfordringane. Etterslepet i vedlikehald av dei 5000 museumsbygningane i Noreg samanfell langt på veg med situasjonen for kulturminna elles. I 2019 viste Kulturdirektoratet si kartlegging at det ville koste samfunnet fire mrd. kroner å møte etterslepet i musea.

Behovet for ressursar og handverkarar er stort. Derfor er Museumsforbundet glad for at Riksantikvaren no viser veg for eit etterlengta løft for tradisjonshandverket.

Men det er ikkje mangelen på ressursar og handverkarar *åleine* som utfordrar oss. Vi bergar heller ikkje kyrkjene eller husa på musea ved å gjere isolerte tiltak på utdanningsfeltet. Vi må sjå det store biletet. Vi må starte i den gule åkeren.

Vi må starte med gode opplevingar som kan følgje barn og ungdom gjennom livet. Vi må strekke ut handa til dei som tørstar etter noko meir enn sosiale medier. Og vi må starte med å anerkjenne den uformelle og ofte tause kompetansen til dei eldre tradisjonsberarane. I denne kunnskapstradisjonen teller ein ikkje studiepoeng eller vekttal, men timane ein får saman. Og i ein slik tradisjon står musea. Her gjer også mange museum mykje med kurs i handverk for barn og unge.

Det er også her, i møte med barn og unge at musea kan utgjere ein *forskjell*. Ikke fordi dei gir *tilgang* til unike bygningssamlingar og flinke lærarar. Men fordi dei kan tilby oppleving og opplæring til alle. Musea er viktige berebjelkar i demokratiet sin infrastruktur. Skal vi lukkast med å sikre kulturarven for framtida må vi bygge inkluderande fellesskap – og vi må invitere alle med. Og både handverk og demokratisk praksis er noko vi må øve på. Derfor gjer vi klokt i å starte med barna.

Kvífor seier eg dette? Jau, fordi ikkje alle har opplevd det slik. For menneske med anna etnisk opphav enn det norske har deltaking i norsk tradisjonskultur, anten det har vore bunadbruk eller tradisjonshandverk, ofte vore vanskeleg. Men kulturarv er ikkje eit privilegium berre for nokre fåe. Kulturarv er ein demokratisk rett og eit gode som alle skal ha tilgang til. Skal vi greie å rekruttere til tradisjonshandverket – og vi vil trenge mange – må vi gje moglegheiter for *alle* – uavhengig av kven vi er og kor vi kjem ifrå. Musea skal opne dørene for alle med interesse for tradisjonskultur.

Dei unge fell ut

Samvær med eldre gir barn læring, men også sosial trygging. Men stadig færre unge får tilgang til denne samværsforma. I Ungdata-undersøkingane dei siste åra peiker

ungdom på manglande vaksenkontakt som ei av årsakene til einsemd og fallande engasjement. Derfor er det også gode tider for radikale krefter, seier ekstremismeforskar Cathrine Thorleifsson ved Universitetet i Oslo. Skal vi bygge gode samfunn for framtida må vi derfor skapa *møteplassar* for læring og samvær på tvers av generasjonane – seier ho, og vi må gjenreise statusen til handverksfaga og krafta i dei demokratibyggende kunnskapsmiljøa – seier Norges museums forbund.

Musea viser veg

Stadig fleire museum gjer det. Pustar liv i gammalt handverk og eigne institusjonelle praksisar – og gjer seg til *laboratorium* for utforsking og rekruttering til handverk – i samarbeid med skule, forvalting, organisasjonsliv og næringsliv. Ein slik posisjon som møteplass for kompetanseutvikling er derimot ikkje ny, men går tilbake til 60-talet der økomusea, som dei vart kalla, utvida rammene for kva museum kan vere. Økomusea tenkte rett, for musea skal jo virke i samfunnet. Då må dei også operere utanfor sin eigen skigard. Gjerne i samarbeid med utdanningssektoren.

Musea si rolle som *laboratorium* er viktig – også for musea. Men gevinsten er likevel størst for kommunane, kyrkjeeigarane og alle dei private huseigarane som ber om rettleiing i handverk eller innsikt i kjeldearkiv. Og gevinsten er stor for utdanningssektoren; for vidaregåande skule, fagskule og universitet, som søker tilrettelagte arenaer og originale samlingsobjekt slik at ein får gjennomført undervisninga.

Kurs i Valdres

Interessa for tradisjonshandverk er stor. Men alle skal ikkje bli handverkarar. Iblant held det å bli ein god bestillar, forstå prosessen, kunne litt. Ved Valdresmusea har ein sidan 2009 halde 150 kurs i lafting, muring, taktekking og smiing – for å nemne nokre – for 1500 personar. På kursa møter menn og kvinner, handverkarar og amatørar, huseigarar og huslause. Som munken Sindre som for tre år sidan var med på laftekurs. Han skulle bygge seg eit tempel nord for Vingrom. Dei siste åra har ein i Valdres og gjennom prosjektet Kloke hender invitert barn og ungdom til om lag det same, men laftestokken er bytt ut med snøbrett, musikkinstrument, og pil og boge.

Sidan oppstarten i 2009 har Innlandet fylkeskommune vore viktig samarbeidspart for kursrekka i Valdres. Så har ein også her, i Innlandet, utvikla unike *modellar* for kompetansebygging på nettopp dette området. Dette er modellar som eg vil oppmøde fylkeskommunen å utvikle vidare. Og ikkje berre med mål om å sikre kulturarven. For sjølv om det primære målet med handverksstrategien er å bygge kompetanse og sikre kulturarven, så er det interessant å sjå korleis tradisjonshandverket også er til *inspirasjon* for dei som skal bygge nytt.

For arkitektstudentane i dag er sirkulærøkonomi, gjenbruk og tradisjonshandverk alvorstunge perspektiv – og premiss for korleis dei sjølve ein dag skal teikne. For byggebransjen er det som vi veit tøffe tider. Skal ein omstille seg i nybyggbransjen kan ein like gjerne skjele til tradisjonshandverket og behova på kulturarvsområdet. Og derfor samarbeider også mange museum med bedriftene og næringshagane.

Det er hyggeleg at Riksantikvaren anerkjenner kompetansen i musea. Derfor må vi håpe at musea også blir *adresse* for nokre av dei *ressursane* som følgjer med det annonserte løftet. For vi kjem ikkje utanom dei økonomiske realitetane. Skal vi halde fram med å vere støtte for forvaltinga må vi styrke kompetansen også på musea, og vi må syrgje for at samlingane her held eit godt nok vedlikehaldsnivå. I dag er situasjonen langt frå god nok. Og med krevjande kommuneøkonomiar er det vedlikehaldet det går utover. Slik kan vi ikkje ha det. Derfor har Museums forbundet etablert dialog med dei politiske partia på Stortinget om etablering av eit statleg fond for bygningsvern på museum etter modell frå Kyrkjebevaringsfondet.

Deres majestet, kjære alle saman!

Norges museumsforbund helsar strategien velkommen. Vi skal bidra så godt vi kan slik at vi i fellesskap når måla med han. Vi skal opne dørene for alle som vil samarbeide. Og vi skal opne dørene for alle som vil lære. For ikkje alle veks opp med tilgang til ei bestemor – eller ein kornåker. Men derfor er musea til, for samfunnet og menneska, for dei unge og dei gamle. Museet er den kloke bestemora. Museet er retningsgivaren når viktige verdiar står på spel. Takk for oppmerksomheita!